

# K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Mai 1992

46. årg.



## KOM HEILAG ANDE

Kom heilag Ande Kristi tolk,  
fyll hjarta hjå ditt kristenfolk!  
Lat oss din eld i hugen få,  
så vi av kjærleik brenne må!  
Dei skilde tunger einar du,  
og samlar i den same tru  
all verdens mange folkeslag.  
Dei syng di ære natt og dag.  
Halleluja, halleluja!

# Ny sjanse

Tankar omkring påskehendinga:

**Peter:** Han hadde opplevd mykje saman med Jesus, og var ein mann med store ord. Tidlegare hadde han sagt til Jesus: "Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds Heilage." Like før Jesus vart teken til fange, forsikra Peter han om at "om så alle vender seg frå deg, skal eg aldri gjera det. Om eg så lyt døy med deg, skal eg ikkje forneakta deg." Ei stund etter bannar han på at han ikkje kjenner Jesus.....

**Tomas:** Han hadde satsa livet sitt på Jesus, og alt var falle i grus etter det som hadde hendt i påskehelga. Jesus var teken ifrå dei, og no var det slutt. Dei hadde korsfesta han saman med røvarar, og han hadde ikkje ein gong gjort motstand. Han får så høyra at Jesus har stått opp igjen, at grava er tom. Tomas klarar ikkje fleire skuffelsar på ein gong, og set som krav å få sjå naglemerka i hendene hans og stikka handa i sida hans. Sjølv om Jesus hadde sagt at alt dette skulle henda, klarar han ikkje å finna samanhangen.

Peter og Tomas fekk eit nytt møte med Jesus etter dette. Det vart eit møte med den levande og oppstadne Jesus. Dei fekk ein ny sjanse, ja dei fekk starta på nytt. Dei fekk tilgjeving for sin tvil og sine nederlag. Dei fekk også oppleva at Jesus kunne og ville bruka dei i si teneste.

Enno kan menneske få eit møte med den levande og oppstadne Jesus. Han ynskjer å få koma til med si frelse og tilgjeving. Han vil også tilgje og reisa opp sine barn som slit med tvil og som har falle i svik og nederlag.

J. R.

## Lat namnet ditt helgast

så mange vakre namn  
det er i verda  
som solskin er  
dette eine:  
Gud  
Jesus

eg må vere stille  
berre kviskre  
du  
bli hos meg

stygge ord  
blir forandra  
til gode ord  
Gud  
når vi lyttar  
til deg

Skriven av Oskar Stein Bjørlykke.  
Frå heftet "Fadervår", IKO-forlaget 1991.  
Trykt med løyve.

## På ferie med Blå Kors

Blåkorsferien er eit årleg tilbod til dei som har rusproblem i sin næraste familie, eit tilbod til dei pårørande: ektefelle, born, foreldre. Feriane føregår i regi av Blå Kors i Noreg, ein evangelisk organisasjon som også driv eit mangfald av behandlingsinstitusjonar innan rusomsorga. I år skal det vera blåkorsferiar på Nordsjø Ungdomssenter i Telemark (29. juni - 6. juli), på Solbukta Ungdomssenter i Østfold (6. - 13. juli) og på Agderstrand leirstad i Vest-Agder (10. - 17. august). Søknadsskjema får ein ved venda seg til Blå Kors i Noreg tlf. 02-20 42 69. Det er også mogeleg å søkja sosialkontoret på heimstaden om støtte økonomisk.

## Du skal ikkje slå i hel

Under samlinga som Vaksdal Søndagsskulelag hadde på Fagertun 20.-22. mars heldt Kjell Arne Norum ein bibeltid over ovanstående emne, her kjem eit samandrag av foredraget.

"DU SKAL IKKJE SLÅ I HEL"

Dette bodet talar ikkje berre om mord. Jesus lærte oss at boda har ei mykje djupare meining enn vi fyrst ser.

Det 5. bodet minnar oss om at Gud er eit vern for den som er svak. Om nokon lid urett, står Gud på hans side. "Lat opp din munn for den som er mållaus, tal saka for den som held på å gå til grunne." (Ordt. 31,8)

Luther forklåra bodet slik: "Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje skader nesten vår på kroppen eller gjer han noko vondt, men hjelper han i naud og fare." Bodet skal få oss til å ta vare på vår neste. Det forpliktar oss til å arbeida mot naud i verda. Tusener av born dør kvar dag av mangel på mat eller feil mat. "Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel lét att hjarta sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?"

Vi øydelegg jorda med forureining og overforbruk. Har du tenkt på at det 5. bodet handlar om dette? Mange av dei som tilhøyrer generasjonen til våre barnebarn vil koma til ø døy på grunn av den uvettige framferda til vår eigen generasjon.

Gud har gitt oss det 5. bodet fordi kvart menneske er verdifullt. Bodet gjev oss ei gåve. Det seier til oss: Du er eit verdifullt menneske! Bodet gjev oss òg ei oppgåve: Å verna om menneska og menneskeverdet frå mors liv og til siste andedrag.

Kjell Arne Norum

## Ein «1-åring» ser attende



Kjartan Gullbrå skal snart ta farvel med Vaksdal etter at han har vore "1-åring" for Samemisjonen. Kyrkjebladet har møtt han og slege av ein prat.

-Korleis har du likt deg i arbeidet? -Eg har stortrivest. Det er vel eit av dei beste åra mine så langt i livet, seier Kjartan.

-Kva har du drive mest med?

-Mest arbeid har det nok vorte lagt ned i Fagertun. I tillegg har eg arbeidd med "Koret", skulelaget på ungdomsskulen på Dale og møte rundt på bedehusa, legg Kjartan til. -Kva har gledd deg mest?

-Eit av det største er at me har fått i gang att skulelaget på Dale. Det hadde lege nede i fleire år, og også at ungdomen har møtt trufast opp på det som har vorte skipa til, seier Kjartan vidare.

-Har du berre positive minne? Stort sett har eg berre positive minne, men eg skulle gjerne ynskja at det kunne verta endå større forståing for at det kostar å driva ungdomsarbeid. Men dette skal ikkje overskygga at det har vore eit kjempe positivt år for meg, seier Kjartan.

-Kvar går vegen når du sluttar til sommaren?

-Då skal eg ta til att på studiane ved NTH i Trondheim, seier Kjartan, som til slutt vil retta ei stor takk til alle som har støtta han i arbeidet. Ei spesiell takk rettar han til Kari og Odd Alvheim og til foreldra som har stilt heimane sine og bil gratis til disposisjon.



## KONFIRMASJON



Foto: Henning Kvam



Foto: Reidar Takvam



Foto: Ståle Hol

På forrige side øverst er konfirmantane i Vaksdal Kyrkje 3. mai. Nederst forrige side: Konfir-

mantane på Stamnes 10. mai. På denne side er konfirmantane i Dale kyrkje 3. mai.

### Bibelen som bokklubb-bok?

-Vi merkar aukande interesse for Bibelen, og i fjor vart det i Noreg seld fleire biblar enn på fleire år. Dette skuldast delvis det gode salet av Olavsbibelen og dei nye skinnbiblane, men vi meiner det også kan sporast auka interesse for Bibelen som ei folkets kulturbok. Bokklubbar som ynskjer å ha Bibelen som bokklubb-bok har vendt seg til oss. Vi ser positivt på det, sjølv om ein avtale enno ikkje er i hamn. Dette seier ein nøgd Magne Lerø, forlagssjef i Bibelselskapet til bladet Kirkeaktuelt. Han seier også at i 1991 selde Bibelselskapet 53.500 norske biblar mot 47.500 i 1990. I tillegg kjem nytestamente, bibeldeler og utanlandske biblar. Saman med salet av Norsk Bibel på rundt 25.000 kjem samla sal av biblar i Noreg på 75.000.

(Kirkeaktuelt)

### Mine barnebarn

Tenk at jeg mormor er blitt, to skjønnne små jenter meg er gitt. Jeg minnes mine egne små, disse to er sine mødre så like så.

De kjekke små armer mot meg rekkes, mitt hjerte kan du tro da vekkes. På sine føtter de rundtomkring går, hjelper til overalt, bare i 1/2 år.

De skravler og prater i vei, bedre lykke kan dere ikke gi meg, Gratis "kino" får jeg mangen gang, herlige kjekke er dere dagen lang.

Mormor har i Guds hand dere lagt, trygt når til ham dere er brågt. Jeg må til slutt til Gud få bede om at han dere til seg må lede

"Mormor"



### «Det er til gagn for dere-»

"Det er til gagn for dere at jeg går bort", sa Jesus til sine disipler.

Hvor underlig måtte det ikke høres ut. De var jo avhengige av ham i et og alt.

Men Jesus gav dem straks forklaringen. "Men jeg sier dere sannheten. Det er til gagn for dere at jeg går bort, for går jeg ikke bort, da kommer talsmannen ikke til eder. Men går jeg bort, skal jeg sende ham til eder. Jeg vil ikke etterlate dere faderløse, jeg kommer til eder."

I sin jordiske fornedrelse var Jesus stedbundet. Marta, som hadde det "meget travelt med å tjene ham", kunne sikkert ikke få følge med i talen eller samtalen da Jesus gjestet deres hjem. "Maria satte sig ved Jesu føtter og hørte på hans ord."

Men, når Jesus var gått bort, ville Han be Faderen, "og Han skal gi eder en annen Talsmann for at Han kan være hos eder evindeligen." "Jeg går bort, men kommer til dere igjen."

Velsignede Mester! Så er det til gagn for oss at Han gikk bort. Nu kan Han være nær hos alle uansett. "Marta, eller hans tjenere idag, slipper å kave sig alene opp i strev og uro med mange ting" i tjenesten for Ham, i arbeide og isolasjon. Han er like nær i arbeide og strev som i "de stille stunder ved Hans føtter." "Mig er gitt all makt i Himmel og på jord." "Se, jeg er med eder alle dage, inntil Verdens ende."

Men den "strevsomme Marta" må slutte å kave sig opp med det som andre gjør, eller ikke gjør i tjenesten for Ham.

Og den "tvilende Tomas" må lære sig å tro, -uten beskuelse. "Salig er den som ikke ser, og dog tror" var Jesu kommentar.

Velsignede Mester og Forsoner! Nu er Du nær hos alle som kaller på Dig med Dim allmakt og nåde. Du er nær i glede, og trøster i sorg.

Du er nær i sykdom og ensomhet, angst og hjelpeløshet, i arbeid og hvile. "Det er til gagn for eder at jeg går bort". "Sa jeg dig ikke at dersom du tror, skal du se Guds herlighet?". Johs. 11,40.

Gunvor Bjørsvik

### VAKSDAL SØNDAGSSKULELAG

20. mars hadde Vaksdal Søndagsskulelag lagt årsmøtet sitt til Fagertun.

Under valet var Arne Normann attvald til leiar, Kari Eilifsen til kasserar og Josten Rene til skripar. På årsmøtet vart det vedteke å leggja søndagsskulens dag til Vaksdal.

#### SØNDAGSSKULENS DAG

Søndagsskulens Dag skal vera på Vaksdal 6. september. Der vert det familegudsteneste kl. 11.00. Etter gudstenesta tek me fram matpakkane og kosar oss i lag. I tillegg til matøkt vert det også anna program som ikkje er heilt klart enno.

Arne Normann oppfordrar alle søndagsskuleborn i Vaksdal kommune til å øva på desse 3 songane slik at det kan verta eit fint kor av søndagsskuleborn i kyrkja: Eg er liten men god som gull, Du er du og du duger og Eg er trygg hos deg. Finn vegen til Vaksdal kyrkje den dagen!



Ditt ord er mitt lys

### RESOLUSJON FRÅ BISPEDØMEMØTET I BJØRGVIN

Til Den norske regjeringa

Ved enkelte norske sjukehus vert nyfødde og levedyktige born på over 30 veker lagt til sides for å dø, dette på grunn av ulike grader av funksjonshemming. Den norske regjering har under-teikna "Konvensjon om barnet sine rettar"

Etter denne konvensjonen er det staten sitt ansvar at ingen barn vert diskriminert (Punkt 2). Vidare er det staten si oppgåve å sørje for at barn overlever og får utvikle seg (Punkt 6). Staten skal verne barnet mot psykisk og fysisk mishandling (Punkt 19).

Psykisk og fysisk funksjonshemma barn har rett til å leva eit fullverdig og anstendig liv, som sikrar verdige levevilkår og sjølvtilitt (Punkt 23).

I Punkt 24 i konvensjonen skal borna sikrast rett til god helse og skal ha den beste medisinske handsaming som samfunnet kan gje. Bispedømmøtet i Bjørgvin, samla til møte 23. - 25. april 1992 finn grunn til å minna Regjeringa om at Barnekonvensjonen er forpliktande for alle land som har underteikna den, og Bispedømmøtet meiner Barnekonvensjonen er broten på dei ovanfor nemnde punkt.

Vi ber regjeringa granske den praksis som er under utvikling ved sjukehusa våre, der funksjonshemma barn ikkje får høve til å leva opp.

### Bispedømmøtet i Bjørgvin. RESOLUSJON FRÅ BISPEDØMEMØTET I BJØRGVIN BARNES LIVSRETT OG MENNESKEVERD

Det blir i dag arbeidd målretta i det norske samfunnet for å verne alt liv som er truga. Dette er eit glædeleg og naudsynt engasjement. Som kyrkje deler og støtta vi dette engasjementet. Men ressursane som blir sette inn for å redde skogar, sjøar og luft, ser ut til å vere fleire og større enn dei som blir

sett inn for å gje barna gode oppvekstvilkår og trygge livsvilkår. Dette undrar og uroar oss! Vi meiner å kunne slå fast at barnsom er ei svak gruppe - ikkje når fram når samfunnet prioriterar. Dei kjem bak i køen, utan rettar vi som samfunn har forplikta oss på.

Den norske regjeringa har underteikna konvensjonen: "Barnets rettigheter", og på den måten forpliktar oss alle. Difor er det med skam vi ser at barnekonvensjonen blir broten på ei rekke punkt kvar einaste dag i landet vårt. Det er nok å nemne omsorgssvikt og seksuelt misbruk av born. Skamma blir ikkje mindre av at dette også skjer i heimar der ein vedkjenner seg kristen tru som livsfundament. Det er difor viktig å få til eit samla engasjement til kamp for barns livsrett og menneskeverd. Her har kyrkje, skule, organisasjonar og politiske miljø eit felles ansvar. Barna treng oss.

Som kyrkje meiner vi å ha eit særleg ansvar for å talø dei aller svakaste barna si sak.

Mangelen på reelt rettsvern for ufødde barn er både eit moralsk og eit politisk problem. Manglande konsekvens i kampen for å verne liv som er truga, går på truverdet laus. Dei svake manglar ofte den mest livsnødvendige støtta. For dei svakaste er situasjonen endå verre. Dei er i juridisk forstand, fråtekne livsrett og menneskeverd.

Bjørgvin Bispedømmøte utfordrar - ikkje minst våre politiske styresmakter - til kamp for barns livsrett og menneskeverd. Det inneber at vi også forpliktar oss sjølve til å ta del i denne kampen.

Barna treng det!

Barna fortener det!

Ein forureina fjord er eit stort problem - eit øydelagt barn er ein katastrofe!

Bispedømmøtet i Bjørgvin



## Greier du dette?

Å gi til misjonen er noko av det beste vi kan bruka pengane våre til. Då får menneska høyre om Jesus, og samstundes kan dei få hjelp til mat, medisin, skulegang og enda meir.

Følg streken frå kvar gut og sjå kven som brukar pengane sine rett.



Av Astri M. Lindquist

Frå Barnas Søndagsblad

## PÅSKE PÅ FAGERTUN

### LEIR I

Tradisjonen tru vart det også i år arrangert påskeleirar på Fagertun leirstad i Eksingedalen. Oppslutninga om leirane var i år større enn på lenge.

Palmehelga braka det laus med Påskeleir I for 3.- 6. klasse. 29 deltakarar, hovudsakeleg frå Vaksdal kommune, var med, og det er omlag dobbelt så mange som det har vore dei siste åra.

Laurdagen var det fyrst ein bibeltime av Leif Tore Ekse. Deretter var det ut på ski for dei som hadde ski med seg. Tru det eller ei, det var faktisk nokre som reiste på påskeleir til Fagertun utan ski! Sundagen fekk deltakarane med seg familiegudsteneste i Nesheim kapell.

Leirens høgdepunkt for mange var nok leirkvelden på søndagen. Blant dei mange innslaga den kvelden er det eit som vil verta hugsa lenge: Anders M Tolås og Tavis Fjelde sin "vesle mann", som med "lånte armar" gjorde alt frå å pussa tennene med majones til å fortelja eventyr.

Ein småtrøtt gjeng reiste heim tidleg på måndagsmorgonen og overlet vasking og opprydding til leiarane

### UNGDOMSLEIREN

Nokre av leiarane var ikkje for vel komne til hektene att etter fyrste leiren før det var klart for ungdomsleir. Med leiarane var det omlag 55 deltakarar på denne leiren. Det er ein av dei største leirane som har vore arrangert på Fagertun.

Leiren varde frå onsdag 15. april til måndag 20. april. Innan torsdagen var omme var det allerede eit armbrøt og ein som låg med influensasymtom. Var dette typisk for korleis resten av leiren skulle verta? Heldigvis ikkje. Trass i at det var så

mange gjekk leiren utruleg greitt. Dette skuldast ikkje berre leirdeltakarane, men også bønearbeidet som vart lagt ned før leiren tok til.

Det var ein fin stemning på heile leiren og deltakarane fekk heile tida oppleve at Jesus verka mellom dei. Heilt spesielt var det på fredagskvelden då Petter Johannesen vitna om si omvendning og om sitt liv som tidlegare narkoman. Fleire tok i mot Jesus den kvelden. Elles var det Kjartan Gullbrå og Magnus M.Oen som hadde bibeltimane. På leir går jo alvor og spøk hand i hand, og særleg merkast det på leirkvelden. Fyrst var det mange ville og til dels humoristiske innslag. Deretter vart 3 åremålsdagar feira. Kvelden var slutta av med ei lovsongsstund. Den årvisse skifestivalen fekk Kjersti Riftsgård frå Frekhaug som vinnar. Alle likte seg godt og hadde ikkje lyst til å reisa heim når det var slutt om måndagen.



Moro på leir ser det ut til



Vi venter på

## HERRENS GJENKOMST



*Snart tiden er til ende,  
Han komme skal igjen.  
Han sine får vil kjenne,  
og trygt dem føre hjem.  
Kan vi da til Ham sige:  
-Du er velkommen hit -  
i fra ditt Himmelrike,  
vårt hjerte lengter dit.*

*Som lynet i fra østen,  
det skinner i mot vest,  
slik runger hyrderøsten,  
når det blir samlingsfest.  
Den fattige og rike,  
ja, alle folkeslag:  
I Kristus er vi like,  
Han fører selv vår sak.*

*Til slutt jeg vil deg bede  
å svare på Hans ord:  
Er du av Gud gjort rede  
til samlingsdagen stor?  
Du må til Herren ile,  
til frelsens trygge havn.  
Der vil du finne hvile,  
få fred i Jesu navn.*

John Støle.

## GODT SAGT

Natta er trekkpair for mange sorger

### GUDSTENESTE-ÅR I VAKSDAL

Sokneråda i Vaksdal ønskjer å gjera det komande året frå Pinse til pinse til eit Guds-teneste-år.

Me treng å tenkja igjennom korleis me kan gjenreisa søn-  
dagen som heilagdag.

Korleis kan me styrkja guds-  
tenesta? Ved å arbeida med  
innhaldet, ved å be for den  
og ved sjølv å møta fram og  
ta del!

## S-KLUBBEN

S-klubben singel er eit tilbod frå Santalmisjonen til barn mellom 6 og 13 år. Og den er ei fin oppfylgging av TRIPP TRAPP som går til 6 år.

S-klubben har stoff om dåpsopp-  
læring, misjonstoff, kassetar,  
blad m.m. Medlemen får også høve  
til å skriva med ein misjonær.  
Medlemskapen kostar kr. 350.-  
pr. år. Vil du vita meir kan  
du ringja 02-67 94 00.

### Ordet om korset

Ordet om korset det dårskap vel er  
for den som det ikkje vil tru.  
Men ordet om korset det kraft i seg ber,  
å draga ein syndar til Gud.

Ordet om korset det bod til meg ber:  
"Du er elska av Himmelens Gud".  
Så kan eg få tru det no og her,  
eg er frelsarens dyrkjøpte brud.

Ordet om korset er mi einaste trøyst  
når den vonde vil stengja min veg,  
når han kviskrar med si forførande røyst  
"Det er ikkje berging for deg".

Då lyt eg til korset og det ord der var sagt  
då min frelsar på Golgata strei.  
Han ropa det ut: "Det for deg er fullbragt",  
for deg eg stridde og lei.

Velsignande Frelsar: Det var min kors du bar  
du gjorde det eg skulle gjort.  
Så eg no kan ropa: "Abba min kjære Far",  
du opna har Himmelens port.

Så vil eg deg tene heile mitt liv,  
aldri nok eg her deg takka kan.  
På korset du vann meg det evige liv,  
eg deg skal få sjå i ditt herlegdoms land.

Må "Ordet om korset" få vera ei lita  
helsing til kjende og ukjende lesarar  
av kyrkjebladet

Elise Straume

### SØNDAGEN

Søndagen er dei kristne sin første store festdag, høgtida til minne om Jesu oppstode frå dei døde. Er det noko me har bruk for i dag, så er det å få sön-  
dagen attende som heilagdag; som kvile- og festdag, som ro- og samversdag med både Gud og Menneske.

Gjer noko ekstra ut av sön-  
dagen. Legg duk på bordet, tenn eit lys, inviter ein gjest, lag ei ramme kring andaktsstunda, gå ein tur i naturen, og sist men ikkje minst at me finh vår plass i kyrkja.

(KPK)



### DET FESTLAUSE HALVARET

Tida mellom pinse og jul vert stundom kalla det festlause halv-  
året i kyrkjekalenderen. Det er ingen store kristne høgtider i dette tidsrommet. Men det tyder ikkje at me ikkje har rikeleg med høve til å skapa feststunder både ute og inne.

Våren og sommaren er ofte tid for store familiefestar. Me har ferie, og dagane er lange og lyse. Hausten er tida for å starta på ny frisk og å minnast og takka. Heile tida må me vera vakne for å inkludera menneske i våre samvere. Den som er åleine kjenner seg ekstra einsam når han berre er tilskodar til andre si hyggje. Samstundes må dei som er mykje åleine sjølv vera frimodige og ta kontakt med andre menneske. Ofte er det lite som skal til for å utvida omgangskrinsen og skaffa seg vener. (KPK)

### STOFF TIL KYRKJEBLADET

Slå på tråden eller send meg nokre ord om du har stoff til bladet. Sokneråda vert oppfordra til å senda inn "Nytt frå sokneråda". Frist for innlevering er sett til 11. august. Neste blad kjem i VEKE 37 som startar med 7. september.

Send stoffet til:  
Kyrkjeblad for Vaksdal,  
Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle.



KPK - TROND T

Gode blick, gode ord, varme handtrykk er nådemiddel når menneske er i vanskar og utkjempar skjulte kampar.



**DVI's årsmøte til Frekhaug**

Frå 30. juli til 2. august held Det Vestlandske Indremisjonsforbund årsmøte på Nordhordland Folkehøgskule, Frekhaug. Leiar i barnekomiteen, Ragnhild Bratshaug, seier at dei disponerer mellom anna bedehus, symjehall og kanoar. Dette vil i stor grad verta brukt til dei aller minste, og til og med 6. klasse.

Det vil også verta lagt til rette for tenåringar og ungdom med mellom anna ungdomskveldar laurdag og søndag.

For utan dr. theol. Carl Fr. Wisløff som er med som hovudtalar, vil fleire av DVI sine eigne forkynnarar vera med.



Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug skal i år vera møte- stad for DVI sitt årsmøte.

**GODT SAGT**

Ingen spegel er betre enn ein gamal ven

**Den norske santalmisjon 125 år.**

Santalmisjonen kan i å feira sitt 125 års jubileum. Den 26. september 1867 grunnla den norske pionermisjonær Lars O. Skrefsrud den første misjonsstasjon mellom santal-folket i Benagaria i India.

Skrefsrud døydde i 1910, men Santalmisjonen har fram til jubilet i år vorte ein av Noreg sine største misjonsorganisasjonar.

Santalmisjonen driv nå arbeid i Ecuador, Mali, India, Bangladesh, Nepal og Bhutan. Frå 1991 er det også vorte starta eit samarbeid med ei kristen kyrkje i Iran.

Det er også nært samarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba.

Santalmisjonen har omlag 150 misjonærar og over 100 tilsette i Noreg.

Hovudmarkeringa av jubilet vil vera i Oslo 26. og 27. september.

Der vil det vera eit arrangement i Oslo Konserthus om laurdagen og jubileumsgudsteneste i Oslo Dømkirke om søndagen.

I Bergen vil jubilet verta markert under krinsårsmøtet på Bildøy bibelskule 13. og 14. juni.

**Nytt frå sokneråda**

VAKSDAL

**Ny Messehakel**

1. påskedag vart den nye messehakelen i Vaksdal kyrkje teken i bruk. Han er i kvit silke med orasjeregul applikasjon. På framsida er dei tre ringane som er symbolet på treeinginga. På baksida er krossen med lyskransen - det symbolet som er gjennomgåande elles i kyrkja på Vaksdal. Den kvite fargen er festfargen - han tyder ljøs, reinleik og glede. Messehakelen er laga av Ragnhild Arneberg i Kirkelig Kulturverksted. Den er vakker og står særst godt til kyrkja elles.

Soknerådet vil på lengre sikt arbeida for veggtepper i kyrkja. Vi har kontakt med Kirkelig Kulturverksted om dette.

**tripp trapp**

**Glad hjelp til oppdragelsen**

*Foreldre, faddere, besteforeldre - ja, alle som har et barn de er glad i; her er gaven du har lett etter!*

Tripp trapp er et unikt opplegg som du kan begynne å abonnere på når som helst fra barnet er nyfødt til det er 6 år.

Tripp trapp er en praktisk og morsom hjelp til å leve som kristen i hjem og samfunn. 3 ganger i året får barnet en pakke i posten. Pakkene inneholder illustrerte bibel- og fortellingsbøker, aktivitetsmaterieell, veggbilder, kassetter m.m. Foreldreveiledning følger alltid med.

Tripp trapp årsabonnementet koster kr 395.

**Send meg «tripp-trapp»-brosjyren!**

Navn: \_\_\_\_\_ Tlf: \_\_\_\_\_  
 Adr: \_\_\_\_\_  
 Postnr./sted: \_\_\_\_\_

**Lunde Forlaget**  
 Postboks 173, 1430 ÅS

Send kupongen eller ring  
**Tlf: 09-94 37 60**

**Annonse**

# GODE

---

# A V E R A/S

I ÅSANE SENTER  
 2. etg. C-BLOKKEN

- \* KRISTEN MUSIKK
- \* GAVEARTIKLER
- \* BØKER
- \* VIDEOER

STORT UTVALG FRA  
MASTER MUSIC A/S

Velkommen innom  
 05-19 25 90

**IDRETTSSTJERNER FORTEL OM SI TRU**

I ei nyutkome bok fortel fotballspelarane Trude Stendal om si tru og sitt liv som idrettsstjerne. Dette gjer ho saman med ni andre namn frå sportssidene i media. I boka "MER ENN GULL" fortel desse unge menneske frimodig om sine livssyn og deler åpent sine sine tankar med lesarane. Vi får eit blikk inn i korleis trua gjeng styrka gjennom dei kampar og prøvingar idrett på topplanet i dag byr på. Frimodige vitnesbyrd om levande tru. Boka er godt egna for ungdom, men og vaksne menneske vil ha stor glede og interesse av å lesa tankane til fotballspelarane Trude Stendal, Rune Bratseth, Børre Meinseth, Claus Eftevaag og Eivind Arnevaag, vollyballspelarane Asbjørn Vølstad, alpinisten Ole Kristian Furuseth, skiskyttaren Sylfest Glimsdal og endeleg langrennsløparane Solveig Pedersen og Kristen Skjeldal. Ove Eikje har skrivne boka, som er gjeve ut på Lunde Forlag.

(KPK)



Trude Stendal som er ein av bidragsytarane til boka "Mer enn gull". Foto: Ove Eikje

**SOMMARKONSERT**

Søndag 14. juni kl. 16.00 i Eksingedalen Kyrkje, Medverkande: Arna kyrkjekor, "Kor i All verda", med folk frå Eksingedalen og Modalen. Modalen Ungdomskor, Hildegunn Almelid og Søndags-skuleborn. Elles deltek Frode Raymond Vik og Asbjørn Nese på orgel, Kari Sneve på trompet og Mari Odland Trefall på fiolin. Kretssekretær Morten Pedersen, Norges Samemisjon held ord for dagen. Alle er hjarteleg velkomne  
Arangørar: Eksingedalen og Nesheim Sokneråd

**Leirar Sotraheimen**

19. - 22. juni er det leir I for 1. - 3. klasse.  
24. - 28. juni er det leir II for 4. - 6. klasse.

30. juni til 5. juli er det ferie-veke for pensjonistar. I tillegg til samling om Guds ord vert det turar og utfluktar.

Dersom du vil melda deg på anten ein av leirane eller ferieveka kan du ringja kretskontoret på telefon 31 60 90, men hugs å vera snar då plassen er begrensa.

**Leirar Fagertun**

Ungdomsleir 24.6-28.6 for dei som byrjar i 7. kl. til hausten og oppover. Påmeld. før 10.6

Barneleir 06.08-09.08 for dei som byrjar i 4. kl og oppover påmeld. før 20.7

Fjellvandringsleir 14.8-16.8 for dei som byrjar i 8. kl og oppover. Påmeld. før 1.8

For påmelding og informasjon ring Kjartan Gullbrå på telefon 05-59 59 20.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 60,-  
Postgiro: 0808 5723473  
Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten  
5273 Stanghelle.

Tlf. 595181  
Kasserar: Asle Georg Karlsen  
Boge, 5270 Vaksdal  
tlf. 597232

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese  
tlf. 05- 55 50 45  
Retur til Øystese Trykkeri A/S  
5610 Øystese

**SOMMAR MED NMS****Barneleirer på Kvamsseter:**

20. - 24. juni 8 - 12 år  
24. - 28. juni 9 - 13 år  
27. - 30. juli 8 - 13 år

**Ten-Misjonsfestiva på Skottevig:**

2. - 7. august 14 år (eget program)

**Generasjonsleir på Kvamsseter:**

Barnebam og besteforeldre-leir 3. - 6. aug.

Barnebam og besteforeldre-leir 11. 14. aug.



Ønsker du mer informasjon eller program ta kontakt med NMS kretskontor på tlf: 05-31 00 61

**Vedrørende annonser**

Kunngjeringa i forrige nummer om Nei til EF-møte var ein betalt annonse. Vi er leie for at dette ikkje kom klårt nok fram. Kyrkjeleg Fellesråd vil utarbeida retningsliner for annonsering i kyrkjebladet.

Redaksjonen

**SLEKTERS GANG****Døypte****DALE**


19.04 Aina Simmenes Johansen  
19.04 Eirik Tveiterås  
19.04 Fredrik Starnes Bjørnberg  
19.04 Christian Thorsen Tveiterås  
01.05 Aleksander Kvamme Nygård

**EKSINGEDALEN**


16.04 Thor-André Brørvik Eriksen  
16.04 Hilde Brønstad

**EIDSLAND**

19.04 Ina Miriam Ekse

**Vigde****STAMNES**

11.04 Solfrid Straume og  
Cherno Marjo Bah

**KJÆRLEIKEN**

Så vert dei verande desse tre: Tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.

**Avlidne****DALE**

02.05 Paul Oettel f. 1914  
08.05 Sigurd Johan Hvådtsten f. 1915

**BERGSDALEN**


10.04 Åsmund Fosse f. 1910

**STAMNES**

09.05 Anna Bukkestein f. 1894

**VAKSDAL**

29.03 Agnes Herfindal f. 1918  
30.03 Olav Vaksdal f. 1903  
09.04 Anfin Bjørsvik f. 1912  
01.05 Brit Marit Solberg Larsen f. 1944

**Vaksdal prestegjeld**

Sokneprest  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res.kap. Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Mobiltlf.: 090 - 02992  
Hugs, måndag er presten sin fridag!

**Samtale med presten**

Vi står til disposisjon for sam- tale. Avtal helst på telefon på førehand. Vi har teleplikt.

Prestane



## VELKOMEN TIL KYRKJE



7. juni - 1. Pinsedag

DALE Kl.11. Norum. Nattverd. Offer til Den Norske Israelsmisjon.

STAMNES kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

VAKSDAL kl.19. Musikkandakt

8. juni - 2. Pinsedag

VAKSDAL kl.11. Norum. Nattverd. Offer til Fagertun Leirstad.

EKSINGEDALEN kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til Sjømannsmisjonen.

14. juni - Trieiningssøsdag

FITJAVASS-STEMNA kl.12. Norum.

EIDSLAND Kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

STANGHELLE kl.19. Meidell. Offer til Kristeleg Kringkastingslag.

21. juni - 2. søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Norum. Nattverd.

BERGSDALEN kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til Det Norske Bibelselskap.

DALE Kl.19. Norum. Nattverd. Offer til Kristenfolkets Edruskapsråd.

28. juni - 3. søndag etter pinse

NESHEIM Kl.11. Meidell og Rydland. Nattverd

STAMNES Kl.19. Meidell. Nattverd

5. juli - 4. søndag etter pinse

DALE Kl.11. Vikar. Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11. Meidell. Nattverd.

12. juli - 5. søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Meidell.

BERGSDALEN kl.11. Vikar. Nattverd.

VAKSDAL kl.19. Meidell. Nattverd.

19. juli - 6. søndag etter pinse

EIDSLAND kl.11. Meidell. Nattverd.

26. juli - 7. søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Norum. Nattverd.

DALE kl.19. Norum. Nattverd.

2. august - 8. søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Norum. Nattverd.

STAMNES kl.19. Norum. Nattverd.

9. august - 9. søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Bergsdalsstemna. Fam.gudst. Norum.

EKSINGEDALEN kl.20. Vikar. nattverd.

16. august - 10. søndag etter pinse

DALE kl.11. Norum. Nattverd.

VAKSDAL kl.11. Vikar. Nattverd.

EIDSLAND kl.17. Norum. Nattverd.

23. august - 11. søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Meidell. Konfirmant-presentasjon.

STANGHELLE kl.11. Norum. Nattverd.

30. august - 12. søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Meidell. Nattverd.

DALE kl.18. Meidell. Konfirmantpres.

VAKSDAL kl.18. Norum. Konfirmantpres.

6. september - 13. søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Meidell. Fam.gudst. Søndag skulens dag.

13. september - 14. søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Norum. Nattverd.

BERGSDALEN kl.16. Norum. Nattverd.